Vestfold og Telemark revisjon

Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS

Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon

Midt-Telemark kommune

26: 4020 403

Innhald

Samandrag 3

1. Innleiing 6

1.1. Kontrollutvalet si bestilling 6
1.2. Problemstilling og revisjonskriterium 6
1.3. Avgrensing 6
1.4. Metode og kvalitetssikring 6
1.5. Fråsegn frå eigarrepresentant og selskap 7

2. Eigarstyring 8

2.1. Eigarskapsmelding 8
2.2. Eigarstyring i praksis 13
2.3. Kommunen som kunde/brukar 18

3. Verksemda i selskapet 20

3.1. Aktivitet i selskapa 20
3.2. Føringar i eigarskapsmeldinga 25

4. Konklusjonar og tilrådingar 28

4.1. Konklusjonar 28
4.2. Tilrådingar 30

Litteratur og kjeldereferansar 31

Vedlegg 32

Vedlegg 1: Fråsegn frå kommune og selskap 32
Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring 36

Samandrag

I denne forvaltningsrevisjonen har vi sett på om kommunen si eigarskapsmelding er i samsvar med gjeldande krav og normer, og om eigarstyringa av Midt-Telemark Kommunale Eigedom (MTKE) har vore i samsvar med eigarskapsmeldinga og andre relevante krav. Vi har dessutan sett på om drifta av MTKE er i samsvar med gjeldande krav og føringar på enkelte område.

Om kommunen si eigarskapsmelding og eigarstyring

Vi meiner at eigarstyringa i stor grad har vore i samsvar med lovkrav, vedtak og normer for eigarstyring.

Kommunen har vedtatt eigarskapsmelding for gjeldande valperiode. Den inneheld oversikt over kommunen sine eigarinteresser og kommunen sine prinsipp for eigarstyring. Eigarskapsmeldinga er ikkje fullt ut i samsvar med kommunelova § 26-1 ved at kommunen sitt formål med å eige eller delta i selskap/samarbeid ikkje er oppgitt for alle kommunen sine eigarinteresser. Når det gjeld kommunen sine prinsipp for eigarstyring har vi følgjande merknader:

- administrasjonen si rolle/ansvar for førebuing av eigarsaker er uklår
- eigarskapsmeldinga gir ikkje føringar om at det skal skrivast referat frå eigarmøte,
- eigarskapsmeldinga gir ikkje føringar om at det skal innhentast informasjon om korleis selskapa følgjer opp eigarskapsmeldinga

Kommunen si eigarstyring av MTKE har vore i samsvar med eigarskapsmeldinga og andre relevante krav, mellom anna ved at:

- Selskapet har oppdaterte vedtekter som mellom anna regulerer bruk av valkomité og innkallingsfrist til generalforsamling på 6 veker.
- Innkallingar til generalforsamlingar er behandla i formannskapet.
- Ordførar har representert kommunen som eigar i generalforsamlinga.
- Styre i selskapet er valt i samsvar med gjeldande krav og på bakgrunn av innstilling frå valkomité.

På nokre område meiner vi at eigarstyringa ikkje har vore heilt ut i samsvar med eigarskapsmeldinga. Dette gjeld følgjande:

- Eigarskapsmeldinga seier at det skal utarbeidast eigarstrategi. Kommunen har gitt styringssignal til selskapet, men det er ikkje utarbeidd eigarstrategi.
- Eigarskapsmeldinga seier at det skal vere minst eitt eigarmøte i året for selskap som MTKE. Det er hyppig kontakt mellom eigar og selskap, og selskapet har orientert formannskapet, men kontakt og informasjonsutveksling er ikkje sett i system som eigarmøte.

- Forholdet til konkurranseverksemd og monopolverksemd i selskapet er ikkje vurdert.

Kommunen kjøper reinhaldtenester frå selskapet, men har ikkje vurdert om det er høve til å kjøpe tenester frå selskapet utan å gjennomføre konkurranse, dvs. om MTKE oppfyller vilkåra for å levere tenester til kommunen i utvida eigenregi. Avtaler om bygg som selskapet oppfører for å leige ut til kommunen, kan òg vere omfatta om lov om offentlege anskaffingar dersom selskapet ikkje oppfyller vilkåra for eigenregi.

Om drifta i MTKE

Vi meiner at drifta i konsernet ikkje fullt ut er i samsvar med krav og føringar frå eigar.

Vi meiner at aktiviteten i selskapet ikkje er i strid med selskapet sitt formål. Samstundes ser vi at ein betydeleg del av aktiviteten i selskapet gjeld formålsbygg/bygg som kommunen bruker i sin tenesteproduksjon. Denne oppgåva går ikkje særskilt fram av selskapet sitt formål. Ifølgje eigarskapsmeldinga er kommunen si eigarinteresse mellom anna at selskapet skal vere eit viktig reiskap for forvalting av kommunen sine eigedommar og verdiar. Det står til ein viss grad i motsetnad eigar sitt styringssignal om at primærverksemda til selskapet skal vere kontor- og næringsbygg. Det kan vere behov for å avklare korleis kommunen skal bruke selskapet og om selskapet skal oppfylle vilkår for utvida eigenregi.

Det er elles tett kontakt mellom eigar og selskap, og det er god praksis for å avklare kva saker selskapet skal engasjere seg i.

Selskapet har ikkje oversikt over om dei oppfyller vilkåra for å levere tenester i eigenregi.

Kommunen gir føringar for selskapa dei eig i eigarskapsmeldinga. Selskapa er formelt sett ikkje bundne av eigarskapsmeldinga, men bør likevel rette seg etter dei føringane som eigar gir der. Dersom føringane ikkje er passar for selskapet, bør dette avklarast nærmare med eigar. MTKE har ikkje følgd opp dei føringane som eigar gir på fleire område. Dette gjeld mellom anna følgjande:

- Kommunen si eigarskapsmelding seier at selskapa innan formål og strategi skal utvikle detaljerte mål. Denne føringa frå eigar har MTKE berre delvis følgd opp. Selskapet har vedtatt mål knytt til storleiken på eigenkapitalen, men det er ikkje formelt fastsette mål på andre område.
- Eigarskapsmeldinga seier at styremedlemmar i morselskap ikkje skal veljast til styra i dotterselskap. MTKE har valt styremedlemmar til dotterselskapa som også sit i styret til morselskapet.
- Eigarskapsmeldinga seier at styremedlemmar ikkje skal arbeide for selskapet i tillegg til å ha styreverv. Dersom dette likevel er aktuelt, skal arbeidsavtala godkjennast av generalforsamlinga. MTKE har hatt styremedlem som har jobba for selskapet. Arbeidsavtala er ikkje lagt fram for generalforsamling for godkjenning.

- MTKE er ikkje medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon slik eigar forventar i eigarselskapsmeldinga.
- MTKE har ikkje utarbeidd etiske retningsliner. Dette er også noko eigarskapsmeldinga seier at selskapa skal ha.

Tilrådingar

Vi rår kommunen til å

- vurdere om eigarskapsmeldinga skal omtale saksførebuing av eigarsaker, dokumentasjon av eigarmøte og rapporteringskrav for selskapa
- sørge for at eigarstyringa er i samsvar med eigarskapsprinsippa i eigarskapsmeldinga
- vurdere bruk av og formålet til selskapet, og dessuten forholdet til utvida eigenregi

Vi rår selskapet til å

- avklare om dei kan levere tenester i eigenregi
- følgje eigars føringar i eigarskapsmeldinga, ev. avklare med eigar kva føringar som må følgjast

Bakgrunn, grunnlag og metode

Vurderingane og tilrådingane våre bygger på gjeldande krav og normer på området og på kommunen si eigarskapsmelding.

Metodane våre har vore intervju og dokumentgjennomgang.

Bø 18. mai 2026

1. Innleiing

1.1. Kontrollutvalet si bestilling

Oppdraget er bestilt av kontrollutvalet i Midt-Telemark kommune i sak 22/25.

Reglane om eigarskapskontroll står i kommunelova § 23-2 første ledd bokstav d, jf. § 23-4 og § 24-2, og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Reglane om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap står i kommunelova § 23-2, første ledd bokstav c og d, jf. § 23-3, § 23-4 og § 24-2, og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

1.2. Problemstilling og revisjonskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstillingar:

1. Blir selskapet styrt i samsvar med kommunen sine vedtak, aktuelle lovkrav og etablerte normer for eigarstyring?
2. Er drifta i konsernet i samsvar med krav og føringar?

Revisjonskriteria[1] i denne rapporten er henta frå kommunelova, aksjelova, lov om offentlege anskaffingar og kommunen sine vedtak, og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

1.3. Avgrensing

Vi har ikkje heimel til å gjennomføre eigarskapskontroll eller forvaltingsrevisjon i stiftingar. Vi har heller ikkje innsynsrett i stiftingar. Vi kan difor ikkje undersøkje forhold i Midt-Telemark bustadstifting, men vi omtaler MTKE si avtale med stiftinga.

Når det gjeld problemstilling 2, ser vi på krav og føringar knytt kommunen si eigarskapsmelding og reglane om offentlege anskaffingar/utvida eigenregi.

1.4. Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisor Anne Hagen Stridsklev har vore prosjektleiar og oppdragsansvarleg for denne rapporten. Rapporten er kvalitetssikra av dagleg leiar Kirsti Torbjørnson.

Metodane i rapporten har vore dokumentgjennomgang og intervju. Det står meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 2 til rapporten.

[1] Det skal alltid vere revisjonskriterium i forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 15. Revisjonskriterium er dei reglane og normene som gjeld på det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for revisor sine analysar, vurderingar og konklusjonar.

1.5. Fråsegn frå eigarrepresentant og selskap

Rapporten er sendt til uttale til kommunen v/ eigarrepresentant og selskap 29. april. jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Frist av å gje fråsegn var 12. mai både for kommunen og for selskapet. Fråsegnene frå kommunen og selskapet ligg i vedlegg 1.

2. Eigarstyring

Blir selskapet styrt i samsvar med kommunen sine vedtak, aktuelle lovkrav og etablerte normer for eigarstyring?

2.1. Eigarskapsmelding

2.1.1. Revisjonskriterium

Kommunelova § 26-1 seier følgjande:

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

a. *kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring*
b. *en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i*
c. *kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.*

Innhaldet er nærare drøfta i lovforarbeida[2], der det går fram at eigarskapsmeldinga skal innehalde oversikt over alle verksemder som kommunen har eigarinteresser i. Dette gjeld uavhengig av organisasjonsform eller storleiken på eigarandelen, og uavhengig av om det er sjølvstendige rettssubjekt eller ikkje: aksjeselskap, IKS og samvirkeforetak, kommunale oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid og kommunale føretak. I bokstav c står det at eigarskapsmeldinga skal innehalde opplysningar om kommunen sitt formål med eigarskapet i dei forskjellige verksemdene. I nokre høve vil dette vere identisk med selskapet sitt formål, men ikkje alltid.

Krava til eigarskapsmeldinga i kommunelova, er minimumskrav. Kommunelova gir ikkje føringar om korleis kommunen sine prinsipp for eigarstyring skal vere. KS[3] har utarbeidd 21 tilrådingar til godt eigarskap.[4] Desse omfattar mellom anna kva kommunen bør omtale i si eigarskapsmelding og korleis eigarstyringa bør vere.

Ifølgje KS bør eigarskapsmeldinga fastsette kva typar spørsmål og saker dei folkevalde skal og bør involvere seg i, og kva som skal handterast av selskapsorgana. Vidare seier KS at det kan

[2] Prop.46L (2017-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner
[3] KS er kommunesektoren sin interesseorganisasjon og den største offentlege arbeidsgjevarorganisasjon. Alle kommunar og fylkeskommunar er medlemmer.
[4] KS: Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll

vere aktuelt omtale korleis arbeidet med eigarstyring skal organiserast i kommunen og dessutan prinsipp knytt til selskapa sine samfunnsansvar, miljø, likestilling, etikk mv (KS tilråding 4).

KS tilrår at det for selskapsformene AS og IKS blir etablert føreseielege kommunikasjonsformer som forankrast i eigarskapsmeldinga. Slik sikrar ein engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet si mynde (KS tilråding 7). KS tilrår mellom anna at det jamleg gjennomførast eigarmøte (KS tilråding 6). Ut i frå ikkje lovfesta prinsipp om god forvaltningsskikk bør det skrivast referat frå slike møte.

KS tilrår også at kommunen i samband med utarbeiding av eigarskapsmeldinga, har ein prinsipiell diskusjon om godtgjering av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eigarorganet si fastsetting av styrehonorar (KS tilråding 16).

Vi har følgjande revisjonskriterium:

- **Kommunestyret må vedta eigarskapsmelding minst éin gong i valperioden**
- **Eigarskapsmeldinga må innehalde oversikt over kommunen sine eigarinteresser**
- **Eigarskapsmeldinga må innehalde kommunen sine formål med eigarinteressene**
- **Eigarskapsmeldinga må innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring**
- **Eigarskapsmeldinga bør fastsette**
    - **korleis kommunikasjonen mellom kommunestyre og eigarorgan skal vere**
    - **administrasjonen sitt ansvar for eigarsaker**
    - **forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar, miljø, etiske retningslinjer mm**
    - **forventningar om styregodtgjering i selskapa**

2.1.2. Innhaldet i eigarskapsmeldinga

Eigarskapsmelding, eigarinteresser og formål
Kommunestyret i Midt-Telemark vedtok 18. mars 2024 eigarskapsmelding for perioden 2024-2028. Eigarskapsmeldinga har fire delar:

- Del I Eigarskap og selskapsstyring
- Del II Selskapsoversyn
- Del III Interkommunalt samarbeid
- Del IV Stiftelsar

Kommunen sine eigarstyringsprinsipp ligg i Del I. I Del II er det oversikt over kommunen sine eigarinteresser i interkommunale selskap (IKS) og aksjeselskap (AS). Videre gir Del II oversikt over ulike interkommunale samarbeid som kommunen deltar i, dvs. kommunale oppgåvefellesskap og vertskommunesamarbeid. I Del IV er det oversikt over stiftelsar der kommunen kan velje eller oppnemne styremedlemmer, eller som kommunen gir tilskot til.

Kommunen har ikkje kommunale føretak.

For kvart selskap som er lista opp i Del II, blir det mellom anna gjort greie for eigarane av selskapa og kommunen sin eigarlut, selskapa sine formål, styringsform, styremedlemmer og dessutan kommunen sin representasjon i eigarorgana.

Eigarskapsmeldinga inneheld kommunen sine generelle motiv for selskapsetablering eller formålsklassifisering. Ifølge eigarskapsmeldinga kan eigarskap ha

- finansielt motiv, dette gjeld eigarskap der hovudformålet er å oppnå økonomiske resultat.
- politisk motiv, dette gjeld der motivet med eigarskapen er strategiske val for å posisjonere kommunen eller regionen.
- motiv som gjeld effektivisering av tenesteproduksjon. Dette gjeld fellesløysingar som bidrar meir effektiv tenesteproduksjon enn å yte tenestene sjølv.
- samfunnsøkonomisk motiv. Dette gjeld eigarskap der kommunen gjennom deltaking i selskapet vil totalt sett få meir samfunnsøkonomiske resultat eller gjennomføring av oppgåver.
- motiv som gjeld regionalpolitisk posisjonering. Dette gjeld selskapsdanningar som skal styrkje mogelegheitene og posisjonen til regionen til å gjennomføre oppgåver i forhald til andre regionar og nasjonale aktørar.

I Del II Selskapsoversyn gjer kommunen greie for kva formål kommunen har med si eigarinteresse i dei ulike selskapa. Eigarinteressa for MTKE er ei blanding av politisk, samfunnsmessig og finansielt motivert, og selskapet skal vere ein viktig reiskap både for forvaltning av kommunen sine eigedommar og verdiar, samt for vidareutvikling av Midt-Telemark-samfunnet som regionsenter spesielt.

Med unnatak av for Telemarkskanalen natur og kulturpark KO, har ikkje kommunen spesifisert sitt formål med å delta i samarbeida og oppgåvefellesskapa.

Eigarstyringsprinsipp
Midt-Telemark kommune har tatt utgangspunkt i tilrådingane frå KS når dei har utforma sine eigarstyringsprinsipp. For kvar tilråding har kommunen sagt korleis tilrådinga skal følgjast opp i kommunen si eigarstyring ev. korleis kommunen ønskjer at selskapa dei eig skal følgje opp tilrådingane. Sjå punkt 3.2 for korleis MTKE følgjer opp desse føringane. Eigarskapsmeldinga legg ikkje opp til at selskapa skal rapportere til kommunen om dette.

Om organiseringa av eigarstyringa seier eigarskapsmeldinga mellom anna:

<u>Kommunikasjon mellom kommunestyre og eigar</u>
Ifølgje eigarskapsmeldinga er kommunestyret, som øvste styresmakt i kommunen, ansvarleg for at eigarskapen blir utøvd på ein forsvarleg måte, slik at verdiane som ligg i selskapa blir forvalta i

samanheng med den heilskaplege tenesteproduksjonen i kommunen og til beste for innbyggjarane. Formålet med og rammene for eigarskap blir fastsett i eigarskapsmeldinga.

Kommunen skal fatte vedtak om etablering av, deltaking i eller utgang av selskap eller samarbeid. Kommunestyret har delegert utøving av eigarrolla til formannskapet. Delegert styresmakt skal utøvast innanfor rammene av eigarskapsmeldinga, og eventuelle andre føringar frå kommunestyret. Saker av stor prinsipiell og politisk betydning skal leggast fram for kommunestyret. Ordførar avgjer om sakene skal leggast fram for kommunestyret.

Formannskapet skal

- vurdere eigarsakene i forkant av møte i eigarorganet
    - alle innkallingar og sakspapir til eigarorganet skal leggast fram som politiske saker
    - kommunedirektøren skal førebu saka dersom eigarorganet skal fatte ei beslutning som har vesentleg betydning for kommunen
- instruere kommunen sin representant i eigarorganet
- utarbeide eigarstrategi for dei viktigaste selskapa

Med mindre anna er bestemt av kommunestyre eller formannskap, er det ordførar som representerer kommunen i generalforsamling, representantskapsmøte, årsmøte og eigarmøte. Bortsett frå i interkommunale selskap, der kommunen sin representant må vere valt av kommunestyret, kan ordførar delegere fullmakta si vidare.

Ifølge eigarskapsmeldinga skal både eigar og selskap ta initiativ til eigarmøte ved behov. I selskap der kommunen eig meir enn 50 % aleine eller saman med Nome kommune, skal det vere minst eit eigarmøtet i året. Alle selskap der kommunen eig meir enn 10 % skal inviterast til eigarmøte i løpet av det fyrste året i kvar valperiode.

Ordførar har eit særleg ansvar for at det blir lagt til rette for gode avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen i tida mellom dei formelle møta i eigarorganet.

Eigarskapsmeldinga gir ikkje føringar for dokumentasjon av slike avklaringar , og heller ikkje om at det skal skrivast referat frå eigarmøte.

<u>Administrasjonen sin rolle</u>
Eigarskapsmeldinga viser til kommunedirektøren sitt ansvar for forsvarleg saksutgreiing og at politiske vedtak blir sett i verk, jf. kommunelova § 13-1. Kommunedirektøren skal ifølgje eigarskapsmeldinga i tillegg:

- behandle og legge til rette for politiske vedtak i eigarsaker
- hjelpe ordførar og andre i å utøve eigarstyring på vegne av kommunen, under dette å førebu og delta i generalforsamlingar og eigarmøte når ordførar ønsker det
- halde oversikt over eigarskapen til kommunen
- oppdatere eigarskapsmeldinga

Kommunedirektør kan på eige initiativ ta opp saker med formannskapet som eigarorgan.

Samfunnsansvar mv.
Eigarskapsmeldinga seier at kommunen forventar at kommunalt eigde selskap er medlem av ein arbeidsgivarorganisasjon, og tilrår medlemskap i Samfunnsbedriftene. Vidare forventar kommunen at selskapa utarbeider etiske retningsliner og brukar desse aktivt i sitt arbeid.

Godtgjering til styre og leiing
Ifølge eigarskapsmeldinga bør løns- og insentivordningar utformast slik at dei er rimelege og fremjar verdiskaping. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigarar, følgjer kommunale lønsvilkår. Vidare går det fram at

- selskapet skal følgje dei kommunale retningslinene for fastsetting av styrehonorar og leiarløn
- styregodgjering skal reflektere ansvaret til styret
- styreleiar skal godtgjerast høgare enn styremedlemmene
- selskap med avgrensa ansvar bør teikne styreforsikring for økonomisk ansvar for alle styremedlemmene
- styremedlemmer bør ikkje ta på seg arbeidsoppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom det skjer, skal arbeidsavtalen/oppdragsavtalen vere godkjent av generalforsamlinga.

Eigarskapsmeldinga gir eigne retningsliner for prosessen ved fastsetting av styrehonorar og leiarløn. Ifølgje retningslinene skal Midt-Telemark kommune ikkje vere leiande i nivået på styrehonorar og leiarløn. Både styrehonorar og leiarløn skal vere på nivå med samanliknbare selskap. Vidare står det mellom anna at valkomiteen skal leggje fram forslag til styrehonorar. Generalforsamlinga skal fastsette styregodtgjeringa.

2.1.3. Revisor si vurdering
Kommunen har vedtatt eigarskapsmelding i denne valperioden. Eigarskapsmeldinga inneheld oversikt over kommunen sine eigarinteresser. Kommunen har oppgitt formålet med eigarinteressene når det gjeld aksjeselskap og IKS, men i hovudsak ikkje for dei interkommunale samarbeida som er lista i Del III. Dette er ikkje fullt ut i samsvar med kommunelova § 26-1 bokstav c, som seier at eigarskapsmeldinga skal innehalde formål med kommunen sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemdene.

Eigarskapsmeldinga inneheld prinsipp for eigarstyring. Eigarstyringsprinsippa omhandlar dei temaa som KS tilrår at kommunen skal avklare i eigarskapsmeldinga si. På nokre område kan det likevel vere grunn til å vurdere endringar:

- Eigarskapsmeldinga seier at kommunedirektør skal førebu formannskapssaka dersom selskapet skal treffe ei avgjerd som har vesentleg betydning for kommunen. Vi meiner at kommunedirektør bør førebu alle saker om eigarskap som skal behandlast i folkevalt

organ. Kommunedirektør skal etter kommunelova § 13 -1 sjå til at saker som blir lagt fram for folkevalt organ er forsvarleg greidd ut. I eigarskapsmeldinga er det uklart kven som skal avgjere om ei sak har vesentleg betydning, og korleis ansvaret for saksutgreiing er dersom det til dømes er ordførar som skriv saka.

- Ifølgje eigarskapsmeldinga skal det vere jamlege eigarmøte med selskapa, og ordførar skal sørge for avklaringar mellom møta i eigarorganet. Vi vil peike på at det kan vere hensiktsmessig at dette blir dokumentert, både ut frå kommunen sitt ønskje om openheit og dersom det skulle oppstå ueinigheit i ettertid. Kommunen bør vurdere å gje føringar for dokumentering av denne kontakten i eigarskapsmeldinga
- Kommunen bør vurdere å innhente informasjon om ev. be selskapa rapportere om korleis dei følgjer opp føringar i eigarskapsmeldinga. Sjå også punkt 3.2.

2.2. Eigarstyring i praksis

2.2.1. Revisjonskriterium

Styringsdokument
Vedtektene med selskapet sitt formål er det viktigaste styringsdokumentet for eit aksjeselskap. Ifølgje aksjelova § 2-2 skal vedtektene som minimum innehalde

- selskapet sitt føretaksnamn
- verksemda til selskapet (formål)
- storleiken på aksjekapitalen
- aksjane sitt pålydande

KS tilrår at kommunestyret utarbeider og jamleg reviderer styringsdokumenta og avtalene som regulerer styringa av selskapet (KS tilråding 5). I eigarskapsmeldinga seier kommunen mellom anna at det skal utarbeidast eigarstrategi for dei viktigaste selskapa. Eigarstrategien vurderast i starten av kvar valperiode.

Kommunikasjon mellom kommunestyre og eigarorgan
Fristen for innkalling til generalforsamling er ei veke, med mindre anna er bestemt i vedtektene, jf. aksjelova § 5-10.

KS tilrår vidare kommunen sørger for å ta lenger innkallingsfrist inn i vedtektene, slik at kommunen får tid til å handsame aktuelle saker (KS tilråding 8). Ifølgje eigarskapsmeldinga skal kommunen foreslå vedtektsfesta innkallingsfrist på minst 6 veker. MTKE er heileigd av kommunen, og vi legg difor til grunn at kommunen skal ha sørga for å få vedtatt slik innkallingsfrist i vedtektene.

Som tidlegare nemnt, skal innkallingar til generalforsamlingar behandlast som politisk sak i formannskapet i forkant av generalforsamlinga. KS tilrår at sentrale folkevalde blir oppnemnd som

representantar i eigarorganet (KS tilråding 7). Ifølge eigarskapsmeldinga er ordførar kommunen sin representant i generalforsamlingar.

Vidare seier eigarskapsmeldinga det skal vere minst eit eigarmøte årleg i selskap der kommunen eig meir enn 50 % av aksjane.

Valkomité, styreval og godtgjeringar

KS tilrår at det blir fastsett i vedtektene at selskap bør bruke valkomité ved val til styre. Valkomiteen bør veljast av det øvste organet i selskapet. KS tilrår også at ein lagar retningsliner som regulerer komiteen sitt arbeid (KS tilråding 10).

Ifølge eigarskapsmeldinga skal kommunen fremje forslag om at bruk av valkomité blir vedtektsfesta i alle selskap. MTKE er heileigd av kommunen, og vi legg difor til grunn at kommunen skal ha sørga for at selskapet har vedtektsfesta valkomité. Kommunen har utarbeidd retningsliner for valkomitear. Valkomiteane skal mellom anna leggje fram grunngitt forslag på kandidatar til styreval. Forslaget skal sendast saman med innkallinga til generalforsamlinga. Valkomiteen skal også leggje fram forslag på styregodgjering.

Ifølgje aksjelova § 6-3 er det generalsamlinga som vel styret og som bestemmer om det skal veljast varamedlemmer. Dersom det skal veljast varamedlemmer, tilrår KS at desse blir valde numerisk (KS tilråding 14). I eigarskapsmeldinga seier kommunen at dei skal forslå i vedtektene at varamedlemmer veljast numerisk.

Styret tenestegjer i 2 år, med mindre anna fastsett i vedtektene, jf. aksjelova § 6-6.

Kommunelova § 21-1 seier at reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av begge kjønn, gjeld på tilsvarande måte i aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst 2/3 av aksjane. Det inneber til dømes at i et styre med fem, skal det vere minst to medlemmer av kvart kjønn. Det same gjeld for varamedlemmer. Kvar gruppe skal teljast for seg.

Skjerma verksemd og verksemd i konkurranse med private

I eigarskapsmeldinga skriv kommunen at det skal gjerast ei særskilt vurdering av om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. I slike høve bør dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk skiljast ut frå monopolverksemda dersom det er mogleg og hensiktsmessig.

Vi har følgjande revisjonskriterium:

- **Vedtektene for selskapet må vere oppdaterte og i samsvar med gjeldande krav.**
- **Kommunen skal utarbeide eigarstrategi for selskapet.**
- **Det skal vere minst eit eigarmøte i året.**
- **Innkallingar til generalforsamling skal behandlast i formannskapet.**

- **Ordførar skal vere kommunen sin representant i generalforsamling.**
- **Grunngitt forslag på kandidatar til styreval frå valkomiteen skal følgje innkallinga til generalforsamling.**
- **Valkomiteen skal leggje fram forslag om styregodtgjering.**
- **Generalforsamlinga skal velje styre i tråd med vedtektene og gjeldande regelverk.**
- **Kommunen bør ha vurdert om MTKE driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd.**

2.2.2. Styringsdokument

Vedtektene for selskapet blei sist fastsett i generalforsamling 15. juni 2022. Vedtektene inneheld

- selskapet sitt føretaksnamn
- verksemda til selskapet - formål
- storleiken på aksjekapitalen
- pålydande verdi på aksjane

Vedtektene fastset vidare at selskapet skal ha eit styre med fem medlemmer. Styreleiar blir vald for eitt år, medan dei andre styremedlemmene blir valde for to år. Selskapet skal ha mellom ein og tre varamedlemmer som veljast i numerisk orden. Varamedlemmane skal veljast for to år om gongen. Ifølgje vedtektene skal generalforsamlinga velje valnemnd med tre medlemmer.

Vedtektene seier også at innkalling til generalforsamling skal vere sendt seinast seks veker før generalforsamlinga.

Kommunen har gitt styringssignal for selskapet i eigarskapsmeldinga, sjå pkt. 3.1. Det er ikkje utarbeidd eigarstrategi utover dette.

2.2.3. Kommunikasjon mellom kommunestyre og eigarorgan

Ifølgje ordførar er det hyppig kontakt mellom eigar og selskap. Ho får e-postar og telefonar frå selskapet når selskapet har noko dei vil informere om. Det har også vore fleire møte av uformell karakter der dagleg leiar, ordførar og kommunedirektør var til stades. Det har ikkje vore møte som har vore titulert som eigarmøte dei to siste åra.

Ordførar seier også at ho ber selskapet om å komme i formannskapet for å orientere om saker som formannskapet bør kjenne til. Dersom det er store saker, må ho vurdere om kommunestyret skal involverast.

Dagleg leiar i MTKE seier at han orienterar i formannskapet når han blir bedt om det. Han orienterar alltid på generalforsamlinga, men elles blir det orientert fortløpande i samband saker av betyding.

Tabellen under viser når det har vore generalforsamling, når innkallinga til generalforsamlinga er sendt og når innkallinga i er behandla i formannskapet.

Tabell 1 Generalforsamlingar i 2024 og 2025

	Innkalling sendt	Behandla i formannskapet	General-forsamling	Innkallingsfrist
Ordinær generalforsamling	24.4.2024	Sak 47/24 – 13.5.24	12.6.2024	7 veker
Ordinær generalforsamling	28.4.2025	Sak 37/25 – 2.6.25	11.6.2025	6 veker

Det har ikkje vore ekstraordinære generalforsamlingar i denne perioden.

Styreleiar og dagleg leiar blir ikkje innkalla til formannskapet si behandling av innkalling til generalforsamling.

Generalforsamlingane har behandla saker om godkjenning av rekneskap, styret si årsmelding, revisorberetning, fastsetting av godgjering til revisor, styre og valkomité, og dessutan val av revisor, styre og valkomité.

Kommunen har ein tilsett som på vegne av kommunedirektør har ansvar for å oppdatere eigarskapsmeldinga, og dessutan for å forberede saker om eigarskap til folkevalt organ. Ordførar står som saksansvarleg for sakene i 2024 og 2025 om innkalling til generalforsamling.

Generalforsamlingane var på ordførar sitt kontor. Styreleiar og dagleg leiar i selskapet var til stades. Ordførar representerte kommunen som eigar.

2.2.4. Valkomité, styreval og godtgjeringar

Selskapet har ein valkomité med tre medlemmar. Valkomiteen blei sist vald på generalforsamlinga i 2025. Forslag frå valkomiteen på nye styremedlemmar og på styregodtgjering ligg som vedlegg til innkallinga. Forslaget på nye styremedlemmar er ikkje grunngitt.

Selskapet har følgjande styresamansetnad:

Funksjon	Namn	Funksjonsperiode
Styreleiar	Gunnar Snippen	2025-2027 (2025-2026 som leiar)
Styremedlem	Ingrid Kvissel Trygve Myrene Elin Kjartansdottir Olav Tangen	2025-2027 2025-2027 2024-2026 2024-2026
Varamedlem	Lars Halvor Ova Johansen Gunhild Volden	2024-2026 2024-2026

Valkomiteen foreslo følgjande styregodtgjering som generalforsamlinga vedtok:

- Fast styregodtgjering styreleiar kr 60 000
- Fast godtgjering styremedlem kr 11 000

I tillegg får medlemmane kr 2 500 i godtgjering per møte. Det same får varamedlemmane

Generalforsamlinga vedtok også godtgjering til medlem i valkomiteen med kr 1 000 per møte og fast godgjering til leiar på kr 3 000. Valkomiteen sitt forslag til godtgjering er ikkje grunngitt.

2.2.5. Konkurranseverksemd/monopolverksemd

Kommunedirektør kjenner ikkje til om kommunen har vurdert om MTKE driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd, og om det eventuelt er behov for at selskapet skil mellom desse.

2.2.6. Revisor si vurdering

Vedtektene til selskapet regulerer det som aksjelova krev. I tillegg er det tatt inn krav om valkomité og innkallingsfrist til generalforsamling på 6 veker, i samsvar med kommunen si eigarskapsmelding. Vedtektene er sist fastsett i 2022 og er dermed rimeleg oppdaterte.

Kommunen har ikkje utarbeidd eigarstrategi for selskapet slik eigarskapsmeldinga seier. Kommunen gir derimot styringssignal til selskapa i eigarskapsmeldinga. Kommunen bør avklare om desse styringssignala er den eigarstrategien kommunen vil ha, eller om det skal utarbeidast eigarstrategi i tillegg.

Det har vore jamleg kontakt og avklaringar mellom eigar og selskap. Dette har ikkje vore definert som eigarmøte. Det er mogleg at det ikkje er behov for særskilte eigarmøte når kontakten mellom selskap og eigar er såpass tett som vi har fått den beskrive. Som tidlegare nemnt, bør informasjon og avklaringar mellom eigar og selskap dokumenterast.

Selskapet har sendt ut innkalling til generalforsamling seks veker før generalforsamlinga i 2024 og 2025. Formannskapet har behandla innkallinga i samsvar med eigarskapsmeldinga, og ordførar representerte eigar på generalforsamlinga.

Skrifteleg forslag til val av styremedlem frå valkomiteen følgde med innkallinga. Valkomiteen forslo også styregodgjering. Forslaga var ikkje grunngitte. Når grunngiving manglar, er det vanskeleg å vurdere om forslaget er i samsvar med føringane i eigarskapsmeldinga.

Generalforsamlinga valte styre med fem medlemmar og to varamedlemmar i numerisk rekke. Funksjonstida er to år. Dette er i samsvar med selskapet sine vedtekter. Det er valt to kvinner og tre menn som styremedlemmar og ei kvinne og ein mann som varamedlemmar. Kjønnsrepresentasjonen i styret er dermed i samsvar med gjeldande krav.

Kommunen bør sørge for at forholdet til konkurranseverksemd og monopolverksemd i selskapet blir vurdert.

2.3. Kommunen som kunde/brukar

2.3.1. Revisjonskriterium

Ifølge eigarskapsmeldinga skal rolla som bestiller av tenester frå selskap der kommunen har eigarinteresser vere klart skilt frå rolla som eigar. Det skal inngåast ein særskilt tenestekjøpsavtale som regulerer forholdet. Kommunedirektøren eller den han peikar ut skal vere bestillar av tenester frå selskapa.

Kommunen er omfatta lov om offentlege anskaffingar, jf. lov om offentlege anskaffingar § 2. Lova og forskrifta om offentlege anskaffingar gjeld ikkje ved utvida eigenregi, dvs. når kommunen inngår avtaler med eit anna rettssubjekt som kommunen har kontroll over og som utfører meir enn 80 % av si verksemd for kommunen eller andre rettssubjekt som kommunen kontrollerer, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 3-1.

Anskaffingsreglane gjeld ikkje for kjøp og leige av eksisterande fast eigedom, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 2-4. Reglane gjeld likevel for kontraktar om å bygge ny eigedom, og for andre tenester i tilknyting til kontrakt om kjøp eller leige, til dømes reinhalds- og vedlikehaldstenester.[5]

Avtale om leige av bygningar som ikkje er oppført før kontraktinngåing, er i utgangspunktet ikkje omfatta av unntaket. Leige av bygningar som oppførast på oppdrag av leigetakar, må under visse omstende reknast som ei bygge- og anleggskontrakt som er omfatta av anskaffingsreglane.

Vi har følgjande revisjonskriterium:

- **Kommunen skal ha greidd ut om dei kan kjøpe tenester frå selskapet i eigenregi.**
- **Kommunen skal ha avtaler med selskapet om kjøp av tenester og leige av eigedom**

2.3.2. Kjøp av tenester frå selskapet

Kommunen kjøper reinhaldstenester til Gullbring frå MTKE. Ifølgje kommunedirektør har ikkje kommunen vurdert om dei kan kjøpe slike tenester i eigenregi frå selskapet. Ifølgje avtala om leige av Gullbring, skulle kommunen sjølv sørge for reinhaldet. Kommunen valte i staden å kjøpe denne tenesta frå MTKE. Kommunen har ikkje vurdert om dette tenestekjøpet er omfatta av lov om offentlege anskaffingar, eller om kommunen har høve til å kjøpe denne tenesta frå selskapet som utvida eigenregi. Det føreligg skrifteleg avtale mellom kommunen og selskapet om dette tenestekjøpet. Avtalen er inngått i juni 2024.

Kommunen leiger fleire bygg av MTKE, mellom anna

- ulike bygg på Napastaa
- Gullbring kulturanlegg
- Bekkevoll

[5] Jf. Karnov Norsk lovkommentar

- Bøhamna barnehage

I forvaltningsrevisjonen[6] om eigedomsforvaltning i kommunen er det gjort greie for kva kommunen leiger frå selskapet, om leigeavtaler og innhaldet i leigeavtalene. Det ligg føre leigeavtaler, og det er Teknisk i kommunen som har ansvaret for å følgje opp avtalane. Samarbeidet mellom selskapet og Eigedomsavdelinga er beskrive i forvaltningsrevisjonsrapporten. Her går det fram at det er dagleg kontakt mellom selskap og Teknisk. Dagleg leiar i MTKE beskriv samarbeidet med Teknisk som tett og aktivt.

MTKE byggjer og tilpassar bygg på oppdrag av kommunen. Dette er bygg som MTKE eig/skal eige, men som leigast /skal leigast ut til kommunen. Eksempel på slike er brannstasjonar på Gvarv og i Bø og nytt bibliotek på Gullbring kulturanlegg.

2.3.3. Revisor si vurdering

Kjøp av reinhaldstenester er omfatta av lov om offentlege anskaffingar. Avtaler om leige av bygg som selskapet oppfører for å leige ut til kommunen, må under visse omstende reknast om ei bygge- og anleggskontrakt omfatta av lov om offentlege anskaffingar. Lova gjeld ikkje ved utvida eigenregi. Kommunen har ikkje vurdert om MTKE oppfyller vilkåra til utvida eigenregi.

Eigarskapsmeldinga seier at kommunen skal skilje mellom rolla som eigar og rolla som bestillar av tenester, og at det skal det skal inngåast tenestekjøpsavtaler som regulerer forhaldet. Det er inngått avtale om reinhaldet av Gullring og om eigedommane som kommunen leiger frå selskapet.

[6] 4020 401 Eigedomsforvalting – Midt-Telemark kommune (2026)

3. Verksemda i selskapet

Er drifta i selskapet i samsvar med lovkrav og føringar frå eigar?

3.1. Aktivitet i selskapa

3.1.1. Revisjonskriterium

Selskapet sitt formål
Formålet i vedtektene set rammene for kva selskapet kan gjere. Dersom selskapet er i tvil om ein aktivitet ligg innanfor styret sitt handlingsrom eller er i samsvar med vedtektene, må dette avklarast med eigaren (kommunen).

Ifølgje kommunen si eigarskapsmelding skal selskapa innanfor formål og strategi, utvikle detaljerte mål for verksemda si.

Lov om offentlege anskaffingar og utvida eigenregi
Som nemnd i punkt 2.3.1 gjeld ikkje reglane om offentlege anskaffingar når kommunen kjøper tenester frå eit selskap som kommunen sjølv kontrollerer, såkalla utvida eigenregi. Dette gjeld dersom selskapet utfører meir enn 80 % av si verksemd for kommunen eller andre rettssubjekt som kommunen kontrollerer, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 3-1. Det er oppdragsgivar sitt ansvar å sikre at dei gjer anskaffingar i samsvar med gjeldande regelverk. Sal av slike tenester går ikkje fram av selskapet sitt formål, men det går fram av kommunen sitt formål med å eige selskapet i eigarskapsmeldinga, jf. pkt. 2.1.2 og 3.1.2. Vi meiner difor at selskapet bør ha oversikt over om dei oppfyller vilkåra for levere tenester i eigenregi.

Vi har følgjande revisjonskriterium:

- **Aktiviteten i selskapet må vere i samsvar med selskapet sitt formål og om nødvendig avklart med eigar.**
- **Selskapet bør utvikle detaljerte mål for verksemda si.**
- **Selskapet bør ha oversikt over om dei oppfyller vilkåra for å levere tenester i eigenregi.**

3.1.2. Konsernet

Morselskapet

MTKE er 100 % eigd av Midt-Telemark kommune. Konsernet består no[7] av morselskap og to dotterselskap. Selskapet selde to dotterselskap våren 2026, Valenvegen 2 AS og Valenvegen 6 AS. Eigedomen/bygninga Telemarkshallen er også selt. MTKE skriv i årsmeldinga for 2024 at ein har behalde selskapet fordi det framleis har framførbare underskot

[7] Per 29.4.26. Nytt dotterselskap Breisås 2 AS – 100 % eigd av MTKE As er registert 30.4. 26

Figur 1 Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS



MTKE har følgjande formål:

- *Kjøp, salg, drift og oppføring av fast eiendom.*
- *Utleie av personell*
- *Utvikle forprosjekter for handel, industri, reiseliv og andre i tilknytning til selskapets eiendommer*
- *Ellers alt som naturlig står i forbindelse med prosjektutvikling og prosjektrealisering i tilknytning til selskapets formål.*

Kommunen har gitt styringssignal til selskapet i eigarskapsmeldinga. Desse er:

> *Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS skal vere kommunen sitt selskap for forvaltning av eigedommar og bygg og for strategisk utvikling på område. Primæroppgåva skal vere kontor- og næringsbygg. Selskapet er eit AS og skal drivast etter forretningsmessige prinsipp, jf. aksjelova.*

Det er tett samarbeid mellom Midt-Telemark kommunale eigedom AS og Boligstiftelsen i Midt-Telemark og målet er å ha best mogleg arbeidsdeling sett i høve både til økonomi og måloppnåing. Dagleg leiar i MTKE er også dagleg leiar i Stiftelsen. Vaktmeister i MTKE er også vaktmeister i Boligstiftelsen. Dette avregnes årleg mellom dei to verksemdene, etter ei på førehand avtalt kostnadsdeling. I rolla som dagleg leiar i Boligstifelsen rapporterer NN[8] til eit eige styre i Boligstiftelsen bestående av fem personar. MTKE har dei siste åra også hatt ansvaret for Sauherad Boligstiftelse som nå er nedlagt.

Selskapet eig ulike eigedommar. Blant desse er: [9]

- Bøhamna barnehage, Lundevegen 63
- Kroa, Lundevegen 61
- Napastaa, Gvarvvegen 48-58
- Bekkevoll. MTKE har også kontor her.
- Landbrukets hus
- Gamleveg 37

Gullbring kulturanlegg AS

MTKE eig 99,8 % av selskapet. Selskapet har følgjande formål:

Forvalte, drifte og halde ved like kulturbygget Gullbring Kulturanlegg med anlegg og uteområde, i Midt-Telemark. Selskapet skal leige ut kulturlokale, fleirbrukshall, miljøbad, kontor- og administrasjonslokale, trenings- og frisklivslokale, møte- og konferanselokale og kafé. Selskapet skal drivast etter gode forretningsmessige prinsipp, men ikkje slik at høgast økonomisk vinning er hovudformålet. Det skal ikkje betalast utbytte frå selskapet.

Selskapet eig Gullbring kulturanlegg.

Midt-Telemark Bustadstifting

Midt-Telemark bustadstifting blir drifta av MTKE.[10] Formålet viser kva som er aktiviteten i stiftinga. Stiftingar er sjølveigande og er ikkje gjenstand for verken eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon. Vi omtaler såleis ikkje verksemda i stiftinga utover dette.

Midt-Telemark Bustadstifting, heretter kalt Stiftelsen, er en selveid virksomhet opprettet av Midt-Telemark kommune. Stiftelsen har sitt forretningskontor i Midt-Telemark kommune.

Stiftelsen har som formål å skaffe og leie ut boliger til personer med spesielle omsorgs- eller boligbehov, og andre som kan ha utfordringer med å komme seg inn på det ordinære

[8] Dagleg leiar er namngitt i eigarskapmeldinga til kommunen.
[9] Henta frå selskapet si nettside www.mtke.no
[10] Henta frå vedtektene til Midt-Telemark Bustadstifting.

boligmarkedet, i Midt-Telemark kommune. Boligene skal leies ut uten innskudd eller lån fra leietakerne.

Stiftelsens styre kan fastsette egne regler for utleie av Stiftelsens boliger, men ikke slik at disse er strid med formålet eller Stiftelsesloven.

3.1.3. Selskapet sitt formål

Kommunestyret vedtok i sak 117/24 at formannskapet skulle sjå på nye vedtekter og strategi for MTKE. Ifølgje ordførar er det foreløpig ikkje gjort noko med vedtaket. Kommunen ønskjer å vente på forvaltningsrevisjonen om eigedomsforvalting og denne eigarskapkontrollen før dei vurderer om det er behov for å gjere endringar i selskapet eller bustadstiftinga.

Ordførar meiner at aktiviteten i selskapet er i samsvar med formålet. Ho meiner også at formålet er hensiktsmessig og at det ikkje er behov for å gjere endringar. Når det gjeld kva type saker eigar må involverast i, meiner ho at dette primært er saker med stor økonomisk betydning og saker som litt på sida av formålet til selskapet, men likevel innanfor.

Kommunedirektør meiner også at formålet til selskapet er greitt og at det ikkje er behov for å gjere endringar. Samstundes stiller ho spørsmål ved om det er rett å bruke selskapet til alt som kommunen skal bygge, og dessutan at det normalt alltid vil vere billigast at kommunen byggjer sjølve.

Dagleg leiar seier at han alltid sender e-post til ordførar og kommunedirektør når det er saker av ein viss storleik eller saker som er interessant for eigar. Deretter blir det opp til ordførar korleis saka skal følgjast opp vidare.

Eksempel på ei sak som blei avklart med eigar, er saka om selskapet skulle gå inn som leigetaker hos Kunnskapsparken AS. Dette spørsmålet blei handsama i formannskapet i sak 10/24. Ordførar var sakshandsamar. Formannskapet følgjande vedtak:

Formannskapet i Midt-Telemark kommune anbefaler at Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS (MTKE) gir en garanti når det gjelder 455 kvm i Bø Kunnskapspark (arealer bl.a. tiltenkt nyopprettet Restaurant- og matfag knyttet til Bø videregående).

Dersom styret i MTKE går inn for en slik forpliktelse for selskapet, så har det en økonomisk risiko. Eier tar konsekvensen av dette ved å vedta at vi ikke skal ta ut utbytte fra selskapet i perioden garantien gjelder for.

Kommunestyret i Midt-Telemark skal orienteres om dette vedtaket snarest mulig.

Kommunestyret blei orientert om saka i 18. mars 2024.

Dagleg leiar seier at spørsmålet om selskapet skulle engasjere seg i Kunnskapsparken blei diskutert i styret. Var dette i samsvar med selskapet sitt formål? Styret konkludere med at det var innafor fordi det ville bidra til næringsutvikling i kommunen. Kunnskapsparken var viktig for den vidare drifta av Bø Hotell og hotellet var viktig, både for innbyggjarane, for næringslivet og for universitetet. Om ein i tillegg kunne bidra til at det blei oppretta ei linje for mat- og restaurantfag på vidaregåande skule i kommunen, ville det vere ein kjempebonus.

3.1.4. Mål for verksemda

Ifølgje dagleg leiar har styret vedtatt eit mål om at selskapet skal ha eigenkapital på 25 %. Selskapet har elles arbeidd med eit strategidokument, men dette dokumentet er ikkje ferdig og heller ikkje vedtatt av styret. Det er ikkje formelt vedtatt andre mål for selskapet. Dagleg leiar seier at styret likevel er klare på korleis selskapet skal drivast:

- Selskapet skal drivast forretningsmessig som eit vanleg AS.
- Eigenkapitalen må opp – helst til 25 %.
- Selskapet sine eigedommar skal ikkje vere dårleg vedlikehaldne.
- Forretninga skal drivast på ein skikkeleg måte til det beste for kommunen som eigar, for innbyggjarane, for leigetakarane og for dei tilsette i selskapet.

3.1.5. Sal av tenester – utvida eigenregi

Talet på tilsette i selskapet har auka sidan 2021. Då hadde selskapet to tilsette i 100 % stilling. Dette var dagleg leiar og ein vaktmeister. Selskapet har no 8,4 årsverk. Desse omfattar dagleg leiar, driftsansvarlege og reinhaldarar. Alle er tilsette i morselskapet. Selskapet sel tenester til kommunen (reinhald Gullbring), til Gullbring og til Bustadstiftinga. Dagleg leiar seier at selskapet ikkje skal gå i minus når dei fakturerer tenestene sine, men det skal vere fornuftige beløp. Som tidlegare nemnt, seier dagleg leiar at reinhaldet på Gullbring blir fakturert til kostpris.

Selskap leiger ut personell til Midt-Telemark Bustadstifting. Det ligg føre ei avtale frå 2016 som blei inngått med den dåverande Stiftelsen for utleigebustader i Bø. Ifølgje denne avtala skal stiftinga leige dagleg leiar i 33,3 % stilling frå selskapet, og vidare vaktmeister i 60 % stilling. Ifølgje avtala kan stillingsstorleiken endrast etter avtale mellom partane, men styret i selskapet skal godkjenne endringar før dei trer i kraft. Avtala seier at stiftinga skal betale 48 % av kontormøblar, PC-utstyr, programvare, telefon, linjeleige og anna nødvendig utstyr. Stiftinga skal vidare betale 60 % av husleiga for vaktmeister sitt kontor, samla husleige berekna til kr 20 000. I tillegg skal stiftinga betale kr 25 000 for vaktmeister sin bil. Ifølgje dagleg leiar er ikkje avtala endra, og selskapet fakturerer sine tenester til stiftinga i samsvar med denne.

Selskapet vurderer at dotterselskapet Gullbring Kulturanlegg AS er omfatta av lov om offentlege anskaffingar. Bustadstiftinga kan vere omfatta, men her er det noko usikkerheit. Dagleg leiar seier at både MTKE og Bustadstiftinga i praksis opptrer som om lova gjeld for dei. MTKE har ikkje vurdert om dei kan levere tenester i eigenregi, dvs. ikkje vurdert om dei sel meir enn 80 % av tenestene sine til kommunen, Gullbring og Bustadstiftinga.

3.1.6. Revisor si vurdering

Vi meiner at aktiviteten i selskapet ikkje er i strid med selskapet sitt formål. Samstundes ser vi at ein betydeleg del av aktiviteten i selskapet gjeld formålsbygg/bygg som kommunen bruker i sin tenesteproduksjon. Denne oppgåva går ikkje særskilt fram av selskapet sitt vedtektsfesta formål. Ifølgje eigarskapsmeldinga er kommunen sin eigarinteresse mellom anna at selskapet skal vere eit viktig reiskap for forvalting av kommunen sine eigedommar og verdiar. Det står til ein viss grad i motsetnad eigar sitt styringssignal om at primærverksemda til selskapet skal vere kontor- og næringsbygg. Det kan vere behov for å avklare korleis kommunen skal bruke selskapet og om selskapet skal oppfylle vilkår for utvida eigenregi.

Det er elles tett kontakt mellom eigar og selskap, og det er god praksis for å avklare kva saker selskapet skal engasjere seg i.

Kommunen si eigarskapsmelding seier at selskapa innan formål og strategi, skal utvikle detaljerte mål. Denne føringa frå eigar har MTKE delvis følgd opp. Selskapet har vedtatt mål knytt til storleiken på eigenkapitalen, men det er ikkje formelt fastsette mål på andre område.

Selskapet har ikkje oversikt over om dei oppfyller vilkåra for å levere tenester i eigenregi.

3.2. Føringar i eigarskapsmeldinga

3.2.1. Revisjonskriterium

Midt-Telemark kommune gir i eigarskapsmeldinga føringar som dei ønskjer at selskapa skal rette seg etter. Vi har oppsummera føringane som revisjonskriterium under.

- **Styret skal utarbeide styreinstruks som forankrast i eigarorganet.**
- **Alle styremedlemmene skal ha høve til styreopplæring.**
- **Styret skal i årsmeldinga gi ei samla vurdering av styringa og leiinga i selskapet. I årsmeldinga skal det stå kor mange styremedlemmer selskapet har og kva kompetanse dei har. Årsmeldinga bør ha ei vurdering av sjølvstendet til styret, rapportering av talet på styremøte og kort omtale av sakene som styret har arbeidd med siste år.**
- **Kommunen forventar at generalforsamlinga i konsernorganiserte selskap så langt som mogleg, vel styremedlem som ikkje sit i styret til morselskapet.**
- **Kommunen oppmodar selskapsstyra til å utarbeide rutinar for habilitet.**
- **Selskap med avgrensa ansvar bør teikne styreforsikring for økonomisk ansvar for alle styremedlemmene.**
- **Styremedlemmer bør ikkje ta på seg arbeidsoppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom det likevel er aktuelt, skal arbeidsavtalen/oppdragsavtalen godkjennast av generalforsamlinga.**
- **Kommunen forventar at kommunalt eigde selskap er medlem av ein arbeidsgivarorganisasjon. Kommunen tilrår Samfunnsbedriftene.**

- **Kommunen forventar at selskapa utarbeider etiske retningsliner og brukar dei aktivt i sitt arbeid.**
- **Fastsetting av dagleg leiars løn skal alltid gjerast av eit samla styre. Styret kan ikkje delegere denne oppgåva til styreleiar åleine.**

3.2.2. Praksis i selskapet

Det ligg føre ein styreinstruks vedtatt i 2010 for Bø Kommunale Eigedomsselskap AS. Dagleg leiar seier at styret held seg til vedtektene og styringssignal i eigarskapsmeldinga.

Ifølgje dagleg leiar har styremedlemmene fått høve til styreopplæring. Alle er oppfordra til å delta på slik opplæring, men det er frivillig. Nokre av styremedlemmene har gått på styrekurs, og andre styremedlemmer har lang styreerfaring.

Vi har sett kva som står om styret i årsmeldingane for 2023 og 2024. I begge årsmeldingane står kor mange styremøte det har vore siste året, og det blir gjort greie for kva saker selskapet har jobba med. Dessutan står det at samarbeidet i styret er godt. Kompetansen til styret er delvis omtalt. Årsmeldinga er signert og talet på styremedlemmar går fram der. Styret sitt sjølvstende er ikkje vurdert i årsmeldingane.

Styret i Gullbring kulturanlegg har seks medlemmar. Dagleg leiar i MTKE er styreleiar. Dei andre styremedlemmene er også styremedlemmer i MTKE. Telemarkshallen AS har hatt to styremedlemmer. Dagleg leiar i MTKE er styreleiar og styreleiar i MTKE er styremedlem. Dagleg leiar meiner at det ville være upraktisk og føre til mykje byråkrati å ha eigne styremedlemmer i dotterselskapa. Han seier vidare at eigedomsselskap ofte organiserer seg med eitt selskap per bygg, og det ville vere lite føremålstenleg og i praksis nesten umogleg å gjennomføre fornuftig drift av MTKE med forskjellige personar i dei forskjellige styra.

Styret har ikkje utarbeidd skiftelege rutinar for habilitet. Dagleg leiar seier at styremedlemmene er merksame, både når det gjeld eigen habilitet og andre styremedlemmer sin habilitet.

Ifølgje dagleg leiar har selskapet styreforsikring for økonomisk ansvar for styra i både mor- og dotterselskap.

Ein styremedlem blei i 2024 leigd inn som prosjektleiar for eit ombyggingsprosjekt. Ifølgje dagleg leiar blei dette avklart med ordførar på telefon. Arbeids-/oppdragsavtala blei ikkje lagt fram som sak for generalforsamlinga. Selskapet har no ein styremedlem som skal delta i ei prosjektgruppe som skal jobbe med utforming av det nye biblioteket på Gullbring. Det er på noverande tidpunkt uklart om dette oppdraget blir så omfattande at styremedlemmen skal ha betalt.

Selskapet er ikkje medlem av ein arbeidsgivarorganisasjon. Dagleg leiar meiner at dette er dyrt og unødvendig. Selskapet har kjøpt tilgang på Arbeidsgiverguiden i Virke.

Selskapet har ikkje skriftelege etiske retningsliner. Ifølgje dagleg leiar har alle tilsette fått beskjed om at dei ikkje skal drive med noko tull, ikkje med kvarandre og heller ikkje med leverandørar. Han peikar på at på dette området er praksis viktigare enn kva som måtte vere skrive på eit papir.

Ifølgje dagleg leiar får han same prosentvise lønsauke som andre tilsette. Styret behandla løn til tilsette i mars 2025. Styret vedtok at lønsoppgjeret skulle gjennomførast innanfor dei rammene som blei forhandla fram mellom LO og NHO, og at desse rammene skulle gjelde for alle tilsette. I same møtet blei plan for pensjonsavgang for dagleg leiar tatt opp. Styreleiar fekk fullmakt til å inngå avtale med dagleg leiar med mål om å sikre god og trygg overgang til ny dagleg leiing. Styret skulle orienterast og kunne respondere på ei ev. avtale med dagleg leiar før den blei inngått. Det blei avtalt at dagleg leiar skulle lønnast 1 G i tillegg, for å stå i stillinga fram til ny leiar var på plass og fungerte i stillinga.

Samla løn til dagleg leiar er no kr 1 324 000.

3.2.3. Revisor si vurdering

Selskapet er ikkje formelt sett bunde av kommunen si eigarskapsmelding slik dei vil vere av vedtektene eller vedtak gjort av generalforsamlinga. Selskapet bør likevel rette seg etter dei føringane som eigar gir, og ev. avklare med eigar dersom nokon av føringane ikkje er føremålstenlege for selskapet.

MTKE har heilt eller delvis retta seg etter følgjande føringar:

- Selskapet har styreinstruks, men den er gamal.
- Styremedlemmene i mor- og dotterselskap har fått tilbod om styreopplæring og selskapa har styreforsikring.
- Omtalen i årsmeldinga om styret og leiinga er delvis i samsvar med det som eigar ønskjer at skal omtalast.
- Ifølge eigarskapsmeldinga skal løn til dagleg leiar fastsettast eit samla styre. Dette er delvis følgd i MTKE. Styreleiar fekk fullmakt til å forhandle avtale med dagleg leiar i samband med pensjonsavgang, noko som resulterte i auka løn tilsvarande 1 G. Styret hadde høve til å godkjenne eller forkaste avtala.

Selskapet har ikkje retta seg etter eigars føringar på følgande område:

- val av styremedlemmer til dotterselskap
- rutinar for habilitet
- styremedlemmer som arbeider for selskapet i tillegg til å ha styreverv
- medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon
- etiske retningsliner

4. Konklusjonar og tilrådingar

4.1. Konklusjonar

Blir selskapet styrt i samsvar med kommunen sine vedtak, aktuelle lovkrav og etablerte normer for eigarstyring?
Vi meiner at eigarstyringa i stor grad har vore i samsvar med lovkrav, vedtak og normer for eigarstyring.

Kommunen har vedtatt eigarskapsmelding for gjeldande valperiode. Den inneheld oversikt over kommunen sine eigarinteresser og kommunen sine prinsipp for eigarstyring. Eigarskapsmeldinga er ikkje fullt ut i samsvar med kommunelova § 26-1 ved at kommunen sitt formål med å eige eller delta i selskap/samarbeid ikkje er oppgitt for alle kommunen sine eigarinteresser. Når det gjeld kommunen sine prinsipp for eigarstyring har vi følgjande merknader:

- administrasjonen si rolle/ansvar for førebuing av eigarsaker er uklår
- eigarskapsmeldinga gir ikkje føringar om at det skal skrivast referat frå eigarmøte,
- eigarskapsmeldinga gir ikkje føringar om at det skal innhentast informasjon om korleis selskapa følgjer opp eigarskapsmeldinga

Kommunen si eigarstyring av MTKE har vore i samsvar med eigarskapsmeldinga og andre relevante krav, mellom anna ved at:

- Selskapet har oppdaterte vedtekter som mellom anna regulerer bruk av valkomité og innkallingsfrist til generalforsamling på 6 veker.
- Innkallingar til generalforsamlingar er behandla i formannskapet.
- Ordførar har representert kommunen som eigar i generalforsamlinga.
- Styre i selskapet er valt i samsvar med gjeldande krav og på bakgrunn av innstilling frå valkomité.

På nokre område meiner vi at eigarstyringa ikkje har vore heilt ut i samsvar med eigarskapsmeldinga. Dette gjeld følgjande:

- Eigarskapsmeldinga seier at det skal utarbeidast eigarstrategi. Kommunen har gitt styringssignal til selskapet, men det er ikkje utarbeidd eigarstrategi.
- Eigarskapsmeldinga seier at det skal vere minst eitt eigarmøte i året for selskap som MTKE. Det er hyppig kontakt mellom eigar og selskap, og selskapet har orientert formannskapet, men kontakt og informasjonsutveksling er ikkje sett i system som eigarmøte.
- Forholdet til konkurranseverksemd og monopolverksemd i selskapet er ikkje vurdert.

Kommunen kjøper reinhaldtenester frå selskapet, men har ikkje vurdert om det er høve til å kjøpe tenester frå selskapet utan å gjennomføre konkurranse, dvs. om MTKE oppfyller vilkåra for å levere tenester til kommunen i utvida eigenregi. Avtaler om leige av bygg som selskapet oppfører

for å leige ut til kommunen, kan òg vere omfatta om lov om offentlege anskaffingar dersom selskapet ikkje oppfyller vilkåra for eigenregi.

Er drifta i konsernet i samsvar med lovkrav og føringar frå eigar?
Vi meiner at drifta i konsernet ikkje fullt ut er i samsvar med krav og føringar frå eigar.

Vi meiner at aktiviteten i selskapet ikkje er i strid med selskapet sitt formål. Samstundes ser vi at ein betydeleg del av aktiviteten i selskapet gjeld formålsbygg/bygg som kommunen bruker i sin tenesteproduksjon. Denne oppgåva går ikkje særskilt fram av selskapet sitt formål. Ifølgje eigarskapsmeldinga er kommunen si eigarinteresse mellom anna at selskapet skal vere eit viktig reiskap for forvalting av kommunen sine eigedommar og verdiar. Det står til ein viss grad i motsetnad eigar sitt styringssignal om at primærverksemda til selskapet skal vere kontor- og næringsbygg. Det kan vere behov for å avklare korleis kommunen skal bruke selskapet og om selskapet skal oppfylle vilkår for utvida eigenregi.

Det er elles tett kontakt mellom eigar og selskap, og det er god praksis for å avklare kva saker selskapet skal engasjere seg i.

Selskapet har ikkje oversikt over om dei oppfyller vilkåra for å levere tenester i eigenregi.

Kommunen gir føringar for selskapa dei eig i eigarskapsmeldinga. Selskapa er formelt sett ikkje bundne av eigarskapsmeldinga, men bør likevel rette seg etter dei føringane som eigar gir der. Dersom føringane ikkje er passar for selskapet, bør dette avklarast nærmare med eigar. MTKE har ikkje følgd opp dei føringane som eigar gir på fleire område. Dette gjeld mellom anna følgjande:

- Kommunen si eigarskapsmelding seier at selskapa innan formål og strategi skal utvikle detaljerte mål. Denne føringa frå eigar har MTKE berre delvis følgd opp. Selskapet har vedtatt mål knytt til storleiken på eigenkapitalen, men det er ikkje formelt fastsette mål på andre område.
- Eigarskapsmeldinga seier at styremedlemmar i morselskap ikkje skal veljast til styra i dotterselskap. MTKE har valt styremedlemmar til dotterselskapa som også sit i styret til morselskapet.
- Eigarskapsmeldinga seier at styremedlemmar ikkje skal arbeide for selskapet i tillegg til å ha styreverv. Dersom dette likevel er aktuelt, skal arbeidsavtala godkjennast av generalforsamlinga. MTKE har hatt styremedlem som har jobba for selskapet. Arbeidsavtala er ikkje lagt fram for generalforsamling for godkjenning.
- MTKE er ikkje medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon slik eigar forventar i eigarselskapsmeldinga.
- MTKE har ikkje utarbeidd etiske retningsliner. Dette er også noko eigarskapsmeldinga seier at selskapa skal ha.

4.2. Tilrådingar

Vi rår kommunen til å

- vurdere om eigarskapsmeldinga skal omtale saksførebuing av eigarsaker, dokumentasjon av eigarmøte og rapporteringskrav for selskapa
- sørge for at eigarstyringa er i samsvar med eigarskapsprinsippa i eigarskapsmeldinga
- vurdere bruk av og formålet til selskapet, og dessuten forholdet til utvida eigenregi

Vi rår selskapet til å

- avklare om dei kan levere tenester i eigenregi
- følgje eigars føringar i eigarskapsmeldinga, ev. avklare med eigar kva føringar som må følgjast

Litteratur og kjeldereferansar

Lovar og forskrifter

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner
Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon
Lov 20. juni 2025 nr. 106 om aksjeselskaper (aksjeloven)
Lov 16. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser
Forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser

Lovforarbeid

Prp 46 L (2017-2018) om ny kommunelov

Andre kjelder

KS folkevalgtprogram 2019-2023 – Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll
Karnov lovkommentar i Lovdata Pro

Vedlegg

Vedlegg 1: Fråsegn frå kommune og selskap

Vedlegg 2: Metode

Vedlegg 1: Fråsegn

Eierskapskontroll/forvaltningsrevisjon Midt-Telemark kommunale eiendomsselskap (MTKE) – tilbakemelding fra kommunedirektøren

Det vises til høringsutkast for Midt Telemark kommunale eiendomsselskap (MTKE).

Midt-Telemark kommune er opptatt av god eierstyring og er derfor fornøyd med at rapporten viser at eierstyringen av MTKE i stor grad har vært i samsvar med lovkrav, vedtak og normer.

Ved revidering av eierskapsmelding i ny kommunestyreperiode vil kommunedirektøren påse at eierskapsmeldinga er i tråd med kommunelovens § 26-1 ved at kommunen sitt formål med å eie eller delta i selskap/samarbeid er oppgitt for kommunen sine eierinteresser.

Kommunedirektøren er tilfreds med at selskapet har oppdaterte vedtekter som mellom anna regulerer bruk av valkomité og innkallingsfrist til generalforsamling på 6 uker, innkallinger til generalforsamlingar er behandla i formannskapet, ordfører har representert kommunen som eiar i generalforsamlinga og at styret i selskapet er valgt i samsvar med gjeldende krav og på bakgrunn av innstilling frå valgkomité.

Kommunen vil påse at det utarbeides en eierstrategi for MTKE. I ny eierskapsmelding vil vi måtte gjøre en sterkere prioritering på hvilke av de selskapene som kommunen har eierskap i som skal ha en egen eierstrategi. Slik kommunedirektøren vurderer dette ikke være like relevant i selskaper der vi har en mindre eierandel.

Slik kommunedirektøren vurderer det er det en god eierdialog og kontakt mellom MTKE og kommunen. Vi vil påse at noe av eierdialogen også blir mer formalisert og satt i system som eiermøte i tråd med anbefalinger i denne rapporten.

Kommunen vil ta opp forhold ift konkurranse og monopolvirksomhet i eiermøte med selskapet. Forhold knyttet til lov om offentlige anskaffelser er tatt opp med selskapet flere ganger og er svart ut muntlig. Ift kjøp av renholdstjenester fra selskapet anser vi at MTKE har svart ut dette på en tilfredstillende måte som en del av revisjonen. Kommunedirektøren stiller seg bak dette. Historien bak Gullbring Kulturanlegg er lang og brokete, og vi er tilfreds med at det ble funnet en god og nødvendig løsning for renholdstjenestene og vi er godt fornøyd med dagens organisering av Gullbring kulturanlegg.

Slik kommunedirektøren vurderer det drives selskapet i tråd med føringer fra eier. Siden en betydelig del av selskapets aktivitet gjelder kommunale formålsbygg eller bygg som kommunen bruker i sin tjenesteproduksjon kan det vært klokt å oppdatere selskapets formål i ny eierskapsmelding. Kommunedirektøren støtter at det er smart å avklare hvordan kommunen skal bruke selskapetsamt se på hvordan selskapet skal oppfylle vilkår om unntak fra regler om offentlige anskaffelser.

Der revisjonsrapporten viser at MTKE ikke følger opp – eller kun delvis følger opp eierskapsmeldinga forventer kommunen at dette følges opp og vil også sette det som tema i eierskapsmøte. Herunder for eksempel at selskapet vurderer medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon og at MTKE utarbeider etiske retningslinjer for selskapet.

Kommunedirektøren vil videre i tillegg påse at følgende anbefalinger blir fulgt opp;

a) Når eierskapsmeldingen skal revideres i ny kommunestyreperiode vil vi vurdere om den skal omtale saksforberedelse av eierskaper, dokumentasjon av eiermøter og hvilke rapporteringskrav som skal settes for selskapene.
b) Vi vil sørge for at sørge for at eierstyringen er i samsvar med eierskapsprinsippene i eierskapsmeldinga
c) Vi vil videre vurdere bruk av og formålet til MTKE og dessuten vurdere forholdet til unntak fra regler om offentlige anskaffelser.

Bø, 150526

Eva Rismo

Kommunedirektør i Midt Telemark

Selskapet har gitt følgjande fråsegn til rapporten:

MTKE har lest i gjennom denne rapporten og har ingen synspunkter på de oppsummerende tilrådinger. De virker fornuftige og vil bli hensyntatt.

Det bør allikevel bemerkes at dette, sett med MTKEs øyne, har vært en dårlig prosess og MTKE har vært tydelig kritisk til VTRs arbeidsmetode.

Rapportens mange synspunkter holdt opp mot den åpenbart lite tid VTR har brukt for å sette seg inn i og forstå selskapet, gir rapporten begrenset verdi sett med MTKEs øyne.

Vi synes for øvrig rapporten er lite tilgjengelig for en uinnvidd leser. Den er usammenhengende og har utelatt viktige opplysninger som forklarer hvorfor ting er som de er.

Det er heller ikke gitt MTKE mulighet til å lese og korrigere det siste utkastet som nå foreligger. Men ved stikkprøvesjekk er det tydelig at MTKEs kommentarer om enkelte av VTRs synspunkter ikke er hensyntatt. Oppsummeringen innledningsvis er grei nok og vi anbefaler at den leses.

Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjonen starta med oppstartsbrev 23. desember 2025. I samband med oppstart hadde vi møte med selskapet, ordførar og med kommunedirektør. I møta presenterte vi prosjektplanen med problemstillingar, kjelder for revisjonskriterium og plan for gjennomføringa, samt innhenta informasjon om eigarstyringa i kommunen og om verksemda i selskapet.

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar skal gjennomførast på ein måte som sikrar at informasjonen i rapporten er relevant og påliteleg. Data er relevante (gyldige/valide) dersom dei skildrar dei forholda som problemstillingane handlar om. Om data er pålitelege (reliabilitet) handlar om at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mogleg og at det ikkje har skjedd systematiske feil undervegs.

Nedanfor gjer vi greie for datagrunnlaget vårt og kva metodar vi har brukt for å svare på problemstillingane. Vi vil også beskrive kva tiltak som er brukt for å sikre at vi har relevante og pålitelege data.

Innsamling av relevante og pålitelege data

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre seg i perioden januar til mai 2026.

For å undersøke problemstillingane har vi gjennomgått relevant dokumentasjon og innhenta informasjon i møte/intervju (oppstartsmøta). Vi har gjennomgått følgjande dokument:

- Eigarskapsmelding for Midt-Telemark kommunen 2024-2028
- Formannskapssak 47/24 og 37/25
- Innkallingar til og protokollar frå generalforsamlingar i MTKE i 2024 og 2025
- Vedtekter MTKE
- Avtale mellom MTKE og Midt-Telemark Bustadstifting
- Årsrekneskap og årsberetning for MTKE for 2023 og 2024

Vi har henta informasjon om selskapet frå nettsida deira (www.mtke.no).

Vi har også innhenta foretaksinformasjon om MTKE og dotterselskapa frå www.proff.no og www.brreg.no

Vi har intervjua ordførar, kommunedirektør og dagleg leiar i MTKE. Det blei utarbeidd intervjuguidar til intervjua. Det er skrive referat frå intervjua som er verifisert av intervjuobjekta.

Vi har også fått avklart spørsmål på epost i etterkant av intervjua.

Ei mogeleg svakheit ved dokumentgjennomgang er at dokumenta kan vere utdaterte eller bli feiltolka. Vi har redusert denne risikoen ved å gjennomføre intervju og også stille oppklarande

spørsmål på epost. Ved å bruke fleire metodar til å innhente informasjon får vi eit breiare informasjonsgrunnlag og vi kan også samanhalde informasjon frå forskjellige kjelder.

Vi har sjekka ut med administrasjonen at fakta i rapporten er korrekt framstilt. Kommunen og selskapet har fått høve til å kome med fråsegn til rapporten, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 14. Fråsegna ligg i vedlegg 1.

Personopplysningar

I samband med denne eigarskapskontrollen/forvaltningsrevisjonen har vi behandla personopplysningar som namn og epostadresse til tilsette og politikarar i kommunen, samt dagleg leiar og styreleiar i MTKE.

Vårt rettslege grunnlag for å behandle personopplysningar er kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Vi behandlar personopplysningar slik det er sagt i vår personvernerklæring. Personvernerklæringa er tilgjengeleg på vår nettside vtrevisjon.no.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast i samsvar med kommunelova og god kommunal revisjonsskikk.[11]

Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Vestfold og Telemark revisjon IKS har eit system for kvalitetsstyring som er i samsvar med internasjonale standardar for kvalitetsstyring og -kontroll.[12] Denne eigarskapskontrollen/forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med vårt kvalitetsstyringssystem og i samsvar med krava i RSK 001 og RSK 002.

[11] God kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kjem til uttrykk først og fremst i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eigarskapskontroll. Gjeldande standardar er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre hausten 2020. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

[12] ISQM 1 og 2 er internasjonale standardar for kvalitetsstyring og oppdragskontroll for revisjonsforetak som utfører revisjon eller forenkla revisorkontroll av rekneskap, eller andre attestasjonsoppdrag eller liknande tenester.

Vestfold og Telemark revisjon

På vakt for fellesskapets verdier

Rapporten er laga av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?
Ta kontakt med oss:
Telefon: 33 07 13 00
E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

26: 4020 403